

Aasen i dag

Godt Lag gjerer stuttare Dag.



Historisk meistemøte

■ **Tilskippingar**

Nordaccordion

Operapub laurdag kveld på Tre Brør bar. Nasjonalromantisk fest søndag på Stalheim Hotell. Søndag også elevkonsert i Bakka kyrkje, og Skadedyr, konsert i Voss kulturhus søndag kveld. Måndag lunsjkonsert i Voss Sparebank. Tysdag avslutningskonsert i Osasalen.

Landsfestivalen i gamaldansmusikk

held fram i Kinsarvik. Laurdag tevling i gruppespel, Fjordkonsert, Barnetimen, Bornas festival, tevling lagspel durspel/trekkspel, plateslepp, ungdomskveld og dans. Søndag Folkemusikkmesse og meistemøte.

Voss jeger- og fiskarlag

Jaktskyting for medlemmer onsdagar framover. Hagle-skyting måndagar og torsdag.

Vossestrand skyttarlag

Skyteprøve for storviltjakt kvar fredag og søndag til og med 8. september.

Forteljaropera

Det innerste lyset i Vangskyrkja laurdag.

Voss utferdslag

Tur til Stigen og Beitelen søndag.

Stølsmesse

i Tjødnarhovden søndag. Arrangør er Vinje og Oppheim sokneråd.

Fotball

Voss-Haugar, 2. divisjon kvinner, på Olabanen søndag.

Konsert i Finnesloftet

med Tore Brunborg og Irene Tillung søndag.

Bulken turmarsjlag

Fjelltur til Grungane søndag.

■ **Møte**

Nain

Samling søndag kveld med andakt, song og ordet fritt.

Frelsesarmeen

Sundagssamling med Tom Jarle og Mildrid.

Knapt sidan Dei tre tenorane herja som verst har eit meistemøte som opningskonserten på NordAccordion funne stad.

► **NORDACCORION**

Å presentera tre av dei seks-sju største og viktigaste musikkarane i verda på eitt og same instrument – med verdsutbreiing – på ei og same scene, og på ein og same konsert, er noko som nesten aldri skjer. Publikum som kom til NordAccordion sin opningskonsert i Osasalen torsdag kveld var vitne til ei historisk hending. Og for ein konsert det vart! Ein konsert som bylgja frå finske skogar og melankoli til dei russiske steppene, frå tysk klassisisme og romantikk til norsk nyskapt remix og operabasert dramatik. Og med ikkje mindre enn tre urframføringar, den eine med komponist og utøvar i ein og same person.

Og når konserten òg vart opna av festival-gründer Geir Draugsvoll – sjølv ein av topp seks – kunne det ikkje verta større.

Starta på topp

Det er lett å tenkja: korleis skal festivalen greia å toppa ein slik opningskonsert? Men det er til all lukke eit spørsmål ein kan lata liggja, for programmet for den andre NordAccordion-festivalen er så variert og spenner over så mange sjangrar at ideen om å samanlikna er heilt bortkasta.

Den finske legenda Matti Rantanen fekk æra av å opna konserten. Det gjorde han med å urframføra den tredje av landsmannen Mikko Nisula sine fire sonater. Denne ber tittelen Phoenix og er skriven i åra 2013 til 2019. Eit dramatisk verk der lettbeinte tonesekvensar i diskanten vart innkapsla i majestetiske klangar i bassen. Langsame parti brotne av rytmiske og raske foredrag både i bass og diskant, ofte med bassen som ei motstemme eller kontrapunkt til diskanten.

Rantanen sitt andre stykke – også dette ei urframføring – var eit verk av ein heilt annan karakter. Rantanen sin gode ven Heikki Valpola er i heimlandet kjend ikkje minst som filmkomponist, noko som var lett å forstå når ein fekk høyra den fem-satsa suiten Droppar. Fem svært ulike satsar, der andre- og fjerdesatsen var markant kortare og meir langsame enn dei tre andre. Noko også namnet «Tår» på begge dei to mellomsetsane ber bod om.

Rantanen fekk dette verket i hende for få veker sidan, og den melankolske stemninga verka endå sterkare når Rantanen tileigna urframføringa



MEISTER 1: Matti Rantanen er både eksplosiv og melankolsk, det siste synte han i suiten Droppar. ALLE FOTO: NILS KVAMSDAL

minnet etter den nyss avlidne finske skiskyttaren og fabelaktige akkordeonisten Mona-Liisa Malvalehto – gift Nousiainen. Ho døydde av kreft for kort tid sidan, berre 36 år gammal.

Mange vil kanskje hugsa at NRK sin mangeårige skiskytings-kommentator Kjell Kristian Rike – sjølv ivrig trekkspelar – alltid nemnde at Malvalehto var finsk meister på trekkspel. Før ho vart sjuk, hadde ho lagt skikarriera på hylla, for å ta ein master i akkordeon på akademiet i Helsinki.

Midtdelen av konserten vart ein maktdemonstrasjon av den russiske meisteren Friedrich Lips. Han vende blikket bakover i tid for å finna sin musikk. Fyrst det lett melankolske «Herbst melodie» av sin gode ven Alexander Kholminov. Kholminov, som døydde i 2015, var ein kjend komponist i heimlandet. Med nokre få enkle tonar skapte han eit kjent film-musikalsk tema. Men då han ville skriva dette ut, gjekk han bort frå sine kjende omgivander som symfonikar eller operakomponist. – Eg vil skriva for deg! sa han og peika på Lips.

Det er lett å lata seg blenda av teknikken til tre så briljante musikarar, men den verkelege meisterskapen ligg i evna til å skapa musikk bakom all teknikken. Det gav Lips to glitrande døme på i Schubert sin Musi-

kalische moment i f-moll og i Strauss den yngre sin «Tritsch tratch» polka. Publikum gav seg ende over.

Heimesiger

Jostein Stalheim var ikkje berre ein av dei fyrste elevane Olav Ullestad i si tid fekk opp og fram, han var også den fyrste frå Voss som drog til København og Mogens Ellegaard for å studera akkordeon.

Det er ikkje så ofte vossingane har hatt gleder av å høyra den fabelaktige musikaren frå Stalheim dei siste åra. Det skuldast ikkje minst at han har skapt seg eit internasjonalt namn som komponist. Men på opningskonserten synte han at han til dei grader leverer også som muskar.

Jostein opna med urframføringa av sitt eige verk «...langt av garde» – ein tittel som ifylgje komponisten kan oppfattast som eit ordspel på avantgarde, anti av garde eller andre variantar. Verket er skriva til NordAccordion og er inspirert av tre rollefigurar frå operaer av Unsuk Chin, Georg Friedrich Haas og Annelies van Parys. Ein fantastisk flott og heilstøypt komposisjon, gjennomført i minste detalj og med dei tre personlegdomane klart definerte gjennom heile verket. Og imponerende nok skriva utan at Stalheim på noko tidspunkt

ikledde seg akkordeonet for å prøva ut passasjar. Det førte rett nok til «litt krangel mellom komponist og utøvar», men til all lukke vart dei samde til slutt.

Remix

Uttrykket remix er kjend i popkulturen. Gamle hits vert som nye i heilt nye arrangement og gjerne i heilt andre sjangrar. Jostein Stalheim gjer remix på sin måte. «Slingr – nordisk suite ned omvegar» er det han sjølv kallar ei reise gjennom akkordeonlitteraturen og komponistar han har støytt på siste åra. Stalheim sin remix er sett saman av ørsmå og litt større brokker av verk frå ikkje mindre enn 18 komponistar.

– Tenk på det som eit stykke, for du vil ikkje kjenna att noko av det. Kanskje er det berre ein takt, kanskje berre tre tonar.

Stalheim syner sin meisterskap når han maktar å sameina 18 så ulike komponistar og komposisjonar i ein heilskap som fungerer.

Innsatsen til Rantanen, Lips og Stalheim vart løna med langvarig trampeklapp, og Stalheim kvitterte med ei utruleg elegant utgåve av den gamle og lokale voggesongen Bia, bia lite bån – eitt av kvedaren Margreta Oppheim sine store glansnummer.

► **Nils Kvamsdal**
nk@avisa-hordaland.no

HUGS
1000-
TIPSET!
Ring 47 47 18 83

i Osasalen

– Ein stadig større familie



– Å arrangera NordAccordion er ein god idé, ikkje minst fordi me når ut til eit større publikum.

► NORDACCORDION

Jostein Stalheim er klar på at det er viktig å arbeida for å nå ut til eit breiare lag med akkordeonmusikken, og at det er ein av dei viktigaste funksjonane til NordAccordion-festivalen.

Samarbeid

Når ein samlar fem akkordeonistar i verdsklasse, som representerer minst tre generasjonar og med ei samla musikalsk fartstid på skyhøgt nivå i meir enn 150 år, er det eit privilegium å få dei i tale.

Russiske Friedrich Lips, finske Matti Rantanen og norske Jostein Stalheim, Geir Draugsvoll og Ida Løvli Hidle – dei to siste arrangørar av NordAccordion-festivalen – er også gode vener og kollegaer.

– For nokre tiår sidan kunne me i større grad snakka om amatørar og profesjonelle. I dag er det profesjonelle nivået kome dit at det ikkje er nokon skilnad på muskarane, uansett kva nasjon dei kjem frå, seier Lips. Han har undervist ved det prestisjetunge Gnessin-instituttet i Moskva i snart 50 år, storparten av tida som professor.

– Det skuldast òg at utdanningsinstitusjonane våre har samarbeidd så godt i mange år, og at me har vore så samde om kursen, legg finske Matti Rantanen til. Han har vore leiar for akkordeon-studiane ved Sibelius-akademiet i Helsinki sidan 1977.

– Ein av grunnane til det gode samarbeidet er nok også at me i mange år har hatt utveksling av lærarkrefter institusjonane i mellom, legg Geir Draugsvoll til. Sjølv mangeårig profes-

sor ved Det Kongelige Danske Musikkonservatorium i København.

Gudfaren

Sjølv om det i dag berre er Geir og eleven hans Ida som har København som base – Ida heldt denne våren sin solistdebut ved konservatoriet, til framifrå kritikkar – er det ikkje til å unngå at praten snart dreier inn på den danske hovudstaden.

Grunnen heiter Mogens Ellegaard, mannen som i 1970 starta opp akkordeonundervisninga ved Det Kongelige Danske Musikkonservatorium. Truleg har ingen enkelt pedagog og utøvar hatt meir å seia for utbreiinga av og nivået på akkordeon enn Ellegaard.

Då kan det vera kjekt å minnast at mannen dei fem er samde om å kalla «gudfaren» i akkordeonsamheng, omtalte sin nære ven og pedagog-kollega Olav Ullestad som «geniet fra Norge»!

Rivande utvikling

– Då eg starta opp på Gnessin for femti år sidan, var trekkspel – bayan – stort som folkemusikkinstrument i Sovjet. Men det var eit lite akkordeon-miljø. I stor grad eit miljø der me spelte for kvarandre. Men på eit tidspunkt eksploderte interessa, og i dag er det mange kjende russiske komponistar som har fatta interesse for instrumentet og for å skriva musikk for akkordeon, seier Lips.

Medan det tidlegare gjerne vart skriva musikk for solo akkordeon, er det i dag ein langt større katalog av orkesterverk med svært ulike besetningar.

– Det har skjedd ei rivande utvikling sidan eg starta. Det opplever eg ikkje minst på den måten at eg heile tida vert kjend med nye komponistar og komposisjonar som gjer at eg må tenkja nytt, seier Stalheim

– professor ved Høgskulen på Vestlandet.

– Ja, det dukkar opp nye komposisjonar i eitt sett! humrar Rantanen.

Innstillinga

– Ein ting Matti her har lært meg er at du må gå inn i musikken med same innstilling og same personlegdom, uavhengig av sjanger. Kanskje tenkjer du som så at no spelar eg jazz eller improvisert musikk. Då kan eg vera fri i tilnærminga. Men no spelar eg samtidsmusikk eller klassisk, og då må eg vera meir på plass heile tida. Men ein slik tanke går ikkje, du må ha same tilnærminga uansett, seier Stalheim – og bukkar lett for Matti Rantanen.

– For meg som den klart yngste og ferskaste her, er det interessant å høyra synspunkta til dei fire andre. Eg ser kor fort utviklinga går, og eg er heilt samd i dei filosofiske tankane dei har, skyt Løvli Hidle inn.

Familien veks

Alle fem er opptekne av å spreia den glade budskapet, i form av å gjera akkordeonet mindre «skummelt» og akkordeonmusikken mindre høgtflygande for folk flest. Her er ein festival som demonstrerer ein breidde som spenner over alt frå nasjonalromantikk til operapub, frå samtidsmusikk til eksperimentell jazz-rock-pop, og frå tango til uformell lunsjkonert ein viktig faktor. Og ikkje minst det at kurs-studentane som kjem frå alle kantar av verda får oppleva interessa dette mangfaldet skapar.

– Og det er ikkje tvil om at med fleire utøvarar på høgt nivå frå fleire nasjonar, vert kvalitetspyramiden høgare og høgare, seier Geir Draugsvoll.

► Nils Kvamsdal
nk@avisa-hordaland.no



MEISTER 2: Korleis kan ei spela eit bravurnummer som Tritsch tratsch polka nesten utan å opna belgen?

Tenk på det som eit stykke, for du vil ikkje kjenna att noko av det. Kanskje er det berre ein takt, kanskje berre tre tonar.

JOSTEIN STALHEIM



MEISTER 3: Både komponisten og musikaren Jostein Stalheim leverte til terningkast 6.



RIVANDE UTVIKLING: Desse fem representerer tre generasjonar og minst 150 år musikkutøving på høgt plan. Frå venstre: Ida Løvli Hidle, Jostein Stalheim, Matti Rantanen, Friedrich Lips og Geir Draugsvoll.

FOTO: NILS KVAMSDAL